

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8129 Dep.

0032 OSLO

Vår ref.
13/6488//GSØ

Dykkar ref.
13/1751-1

Dato:
22.08.2013

Høyringsuttale sak 13/1751 - forslag til endring av Husbanken sin startlånordning

Haram kommune har gjort følgjande vedtak:
FS-059/13 Vedtak:

Haram kommune vil kome med denne høyringsuttalen i samband med forslag om endring av Husbanken sin startlånordning:

- Startlånordninga slik den er i dag har vore eit viktig bustadpolitisk virkemiddel for Haram kommune med tanke på å få etablert unge førstgangsetablerarar utan tilstrekkeleg eigenkapital, samt dei mange arbeidsinnvandrarene som vår industrikommune er avhengig av. Ordninga har også vore positiv som bustadsosialt virkemiddel med tanke på etablering av flyktingar og andre økonomisk vankelegstilte i kommunen.
- Haram kommune er ikkje samd i forslaget til endring som ser ut til å ta unge førstegangsetablerarar utan, eller med manglande eigenkapital ut av målgruppa for ordninga. Dette på bakgrunn av at kommunen er ei stor industrikommune med ein svært pressa leigemarknad og eit stort behov for å sikre arbeidskraft. Det er ikkje formålsteneleg at denne målgruppa skal vere prisgitt foreldre som kan stille opp med eigenkapital for å kunne etablere seg. Ordninga har verka positivt for vår kommune og stimulert til nyetablering som elles ikkje ville ha kome.
- Haram kommune har ikkje nokon innvendingar mot forslaget om utvide avdragstida i særlege tilfelle.

Dersom De ynskjer fleire opplysningar i saka, kan De ta kontakt med underteikna:

Med helsing



Greta Søvik
Økonomikonsulent

Interntlf. 70 20 74 20